



Framsida på boka Klyngetunet på Skald Forlag er frå Hjørmo gard her Jan Vivelid har lagt ned eit stort arbeid for å berga husa i tunet.

I boka Klyngetunet på Skald Forlag er Jan Vivelid skildra som redningsmannen på Hjørmo i Eidfjord. I morgon, søndag 11. november kl. 13, vert boka og Hjørmo gard tema på samlinga som skal vera på Galleri Guddal. Forfattaren Eva Røyrane frå Ølve og fotografen Oddleiv Apneseth vil kåsera og syna bilete frå klyngetuna som er omtalt i boka.

Det var vanleg med klyngetun i landet farm til det store hamskifte med utskiftinga mellom 1850 og fram til 1920 talet. Bøndene budde i klyngetun, i eit stort arbeidsfellesskap med jordlappar her og der. Med loven om utskifting fekk kvar bonde eit større og samanhengande areal med dyrkbar mark.

Eva Røyrane og Oddleiv Apneseth har funne fram til 39 klyngetun i landet som framleis har denne tunforma. Hjørmo gard i Eidfjord er omtalt i boka med heile 8 sider, tekst og bilete. Jan Vivelid står fram og er den sentrale personen i berginga av klyngetunet inst inne i Hjørmodalen.

Den pensjonerte Nordsjø - arbeidarane har i mange år budd i Uskedalen. På fritida si har han lagt ned eit stort og omfattande arbeid for å berga og byggja opp att tunet etter forfall. Jan ovetok eit av dei sju bruka på Hjørmo i 1980 og har restaurert tilsaman seks av dei 15 husa i tunet. Til sommaren skal barndomsheimen, som er samanbygd med løa, få nytt tak.

Uskedalen.no har vore på tunet ved fleire høve og med sjølvsyn sett alt Jan Vivelid har gjort for å redda og restaurera husa på heimegarden. Fråflyttinga frå Hjørmo starta på 1950 talet. Foreldra til Jan budde her til 1972.

Dei som vil vita meir om Hjørmo gard som eit klyngetun, må møte fram på Galleri Guddal til

bokpresentasjon søndag kl. 13.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Oddleiv Apneseth/ pressemeding frå forlaget Skald.